

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 22.02.2022
SAKSHANDSAMAR: Arne Skjelten
SAKA GJELD: **Revidert regional retningslinje for varsling**

ARKIVSAK: 2022/1256

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
18.03.2022

STYRESAK:
019/2022

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret legg til grunn at retningslinja og prosessen for handtering av varsel blir innført i Helse Førde i tråd med styresak og vedtak i Helse Vest.

Oppsummering

Helse Vest har i samarbeid med helseføretaka hatt mange tiltak og lagt til rette for å utvikle ein god meldekultur og openheitskultur over mange år. Det har vore deltakarar frå alle føretak, HMS-leiarar, tillitsvalde og vernetenesta med i arbeidet.

I tråd med endringar i arbeidsmiljølova er retningslinjene reviderte, og lagt fram for styret i Helse Vest RHF 15. februar 2022, jf. vedlegg.

Dei reviderte retningslinjene er i samsvar med eksisterande rutine vedtatt i styremøtet i Helse Vest 11.12.2018. Det er ikkje innhaldsmessige endringar, berre justeringar i tråd med endringar i arbeidsmiljølova i 2020 og 2021, og litt på utforming og språk.

Det er styra i kvar einskild juridiske verksemd som har ansvaret etter lova. Det har vore eit felles regionalt arbeid som skal bidra til felles retningslinjer i heile føretaksgruppa Helse Vest. Helse Vest legg til grunn at alle verksemdene/føretaka legg dette fram til handsaming i eige styre i tråd med vedtak i styret i Helse Vest RHF. Sjå vedlagde revidert retningslinje vedtatt i styret i Helse Vest.

Konklusjon

Styret legg til grunn at retningslinja og prosessen for handtering av varsel blir innført i Helse Førde i tråd med styresak og vedtak i Helse Vest.